

NORSK LOKALHISTORISK INSTITUTT

Årsmelding 2006

Innleiing

Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) er ein statsinstitusjon under Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD). Instituttet skal fremje lokal- og regionalhistorisk arbeid i Noreg og gi råd og rettleiing til dei ulike aktørane. Det skal drive eiga forskning, men også stimulere til forskning og fungere som eit nasjonalt dokumentasjonssentrum for lokal historie. NLI har vore i drift med egne kontor og eigen styrar/leiar sidan byrjinga av 1956.

NLIs noverande verksemd er først og fremst heimla i følgjande grunnlagsdokument:

- *Vedtekter*, sist endra ved styrevedtak 7. februar 1995 og godkjende i brev frå Kulturdepartementet 8. juni 1998.
- *Arbeidsplan for Norsk lokalhistorisk institutt*, vedtatt av styret 7. februar 1995.
- *Instruks for leiaren ved Norsk lokalhistorisk institutt*, vedtatt av styret 7. februar 1995.
- *Økonomiinstruks*, revidert av styret 29. juni 2005.

a) Styre og personale

NLIs styre er oppnemnt av Kultur- og kyrkjedepartementet for perioden 1.1.2006 – 31.12.2009. Det har følgjande samansetjing:

1. Frå Noregs Museumsforbund: *Torveig Dahl*, Mjøsmuseet, leiar.
Varamedlem: Pål Christensen, Museum Nord.
2. Frå Den norske historiske forening: *Finn-Einar Eliassen*, Høgskolen i Vestfold, nestleiar. Varamedlem: Atle Døssland, Høgskulen i Volda.
3. Frå Arkivverket: *Lisabet Risa*, Statsarkivet i Stavanger
Varamedlem: Oddleif Lian, Statsarkivet i Kristiansand.
4. Frå Landslaget for lokalhistorie: *Åse Eikemo Strømme*, IKA Hordaland.
Varamedlem: Guri Vallevik Håbjørg, Oppegård kommune.
5. Frå dei tilsette ved NLI: *Ola Alsvik*. Varamedlem: Hans P. Hosar.

Fast tilsett personale:

Knut Sprauten: direktør 01.01-31.12.

Ola Alsvik: forskar 01.01-31.12.

Kirsten Braaten: konsulent 01.01.-31.12.

Hans P. Hosar: forskar 01.01.-31.12. (hadde permisjon i 2 månader utan løn).

Marianne Wiig: førstekonsulent, 01.01.-31.12. (80 % stilling).

I alt: 4,6 årsverk

Ekstrahjelp m.m.: Til saman: 75,5 vekeverk (1,7 årsverk). Dette kan splittast opp slik:

Ragnhild Hutchison: vit. ass. (5/12 årsverk eller 19 vekeverk).

Kristian Hunskaar: vit. ass. i 2 mnd. (2/12 årsverk eller 7,5 vekeverk).

Siri M. Iversen: ekstrahjelp som bibliotekar heile året (45 vekeverk).

Kåre Andersen, ikt-arbeid, utgreiingsarbeid og programmering 40 timer (1 vekeverk).

Lars Nygaard, ikt-arbeid, 113 timer (3 vekeverk).

I alt har NLI hatt til disposisjon på faste stillingar og ekstrahjelp: 6,3 årsverk.

b) Likestilling

NLI er eit lite institutt med berre fem fast tilsette: tre menn og to kvinner. Ei av kvinnene har etter eige ønske deltidsstilling (80 %).

Av dei fem faste stillingane ved instituttet har mennene stillingane med dei høgaste krava til kvalifikasjonar, og som difor er best lønna. Når dei i gjennomsnitt tener 36 % meir enn kvinnene (38,4 % i 2005, 35,5 % i 2004 og 39 % i 2003), kjem dette primært av at det er skeiv fordeling mellom kjønna i stillingar.

NLI sitt styre er samansett av tre kvinner og to menn.

c) ”Grøn stat”

NLI har formalisert miljøarbeidet ved å opprette eit miljøutval. Her sit Siri Iversen og Knut Sprauten. NLI har inga rolle som produsent (bortsett frå produksjon av kunnskap innan lokalhistorie), og har heller inga rolle som byggherre og eigedomsforvaltar. Ved innkjøp legg vi vinn på bruk av miljøvenleg papir, og deltar i ei ordning med papir til gjenvinning. NLI vel dei minst miljøbelastande produkta når vi gjer innkjøp.

Vi ønskjer å redusere energiforbruket, men er bundne av belysningssystem som er fastlagde av andre, og som gjør at uturvande mykje lys står på etter normal arbeidstid. Her ser vi et forbedringspotensiale.

d) Forklaring på avvik i reknskapstal i høve til budsjetttrammer for 2006

NLI hadde i 2006 et meirforbruk på kr. 213.141. At summen er så stor, har samanheng med at det har drygd med utbetalinga av stønad frå Nordisk Kulturfond til NLIs jubileumsseminar. Overføringa skjedde så seint som i andre halvdel av januar og var på 89.633 kroner. Det har også kome ekstraavgifter i samband med flyttinga som vi ikke var merksam på da budsjettet for 2006 vart lagt. Desse utgiftene er knytta til låseservice og fjerning av greinstav, søppeltømming og vask i Kronprinsens gate 9, flytting av NLIs langtidslager, måling av vegg og innkjøp av gardiner, i alt 44.879 kroner. Det kan også seiast at NLI har betalt relativt mykje i møbelleige til Entra A.S. Møbelleiga kjem attåt husleiga, og er på meir enn 160.000 kroner årleg. Ho var på førehand budsjettet med 127.850.

Verksemda til instituttet er gruppert under tre hovudmål.

1. FREMJE LOKALHISTORISK ARBEID I NOREG

NLIs overordna mål er å fremje lokalhistorisk arbeid i Noreg. Instituttet skal gjere sitt for å skape eit høgt fagleg nivå innan norsk lokalhistorisk forskning og stimulere til god formidling, spesielt når det gjeld bygde- og byhistorie. Gjennom verksemda si skal NLI også stimulere til at dei forfatterne som arbeider med fagfeltet, er godt fagleg

kvalifiserte og lesarorienterte, har interesse av å setje seg inn i fagleg debatt og følgje med, både i norsk og internasjonal forskingsaktivitet som har lokalhistorisk relevans.

a) Rettleiing

NLI rettleier mange av dei som er engasjerte i det lokalhistoriske arbeidet i norske kommunar, mellom anna ved å gjennomgå og kommentere manuskripta deira og svare på skriftlege og munnlege førespurnader. I løpet av 2006 har NLI hatt rådgjevande kontakt med lokalhistoriske forfattarar og oppdragsgjevarar i 65 kommunar (65 i 2005, 79 i 2004, 63 i 2003, 60 i 2002 og 50 i 2001). Det vil seie at dei tilsette har deltatt på møte lokalt med rettleiing av forfattarar, oppdragsgjevarar og andre aktørar som er knytta til lokalhistoriske prosjekt. Dei tilsette har òg hatt telefonisk kontakt eller korrespondanse med personar som er engasjerte i lokalhistorisk arbeid. NLI's internettsider *lokalhistorie.no* har gjort det greitt for folk å ta kontakt med instituttet og setje seg inn i kva instituttet står for.

I alt har NLI gjennomgått og kommentert manuskript frå 15 bokprosjekt, på til saman ca. 3340 sider (20 prosjekt og 3700 sider i 2005, 16 prosjekt og ca. 2230 sider i 2004, 14 prosjekt og ca. 3100 sider i 2003). Dei manuskripta som er vurderte, er knytta til følgjande kommunar: Porsgrunn, Ås, Marker, Oslo (Nordmarkas historie), Hol (Buskerud), Stor-Elvdal, Hornindal, Vågå og Sel, Jondal, Sandøy og Brønnøy. I tillegg kjem eitt manuskript om Hadelands historie (Gran, Jevnaker og Lunner).

Ola Alsvik har på oppmoding lese og kommentert manuskriptet "Bondesamfunnets utviklingsformer", som skal utgjere kapittel 10 i cand. philol. Jon Røyne Kyllingstads avhandling for dr. art. -graden med arbeidstittelen "Rase, kultur og evolusjon: Instituttet for sammenlignende kulturforskning ca. 1918– 1940". Manuskriptet er særleg kommentert med omsyn til dei lokalhistoriske drøftingane og perspektiva, moment som er viktige aspekt ved avhandlinga. Manuskriptet var på 147 sider.

På nettstaden til instituttet, *lokalhistorie.no*, ligg det no ei oversikt over "ofte stilte spørsmål" både frå forfattarar og oppdragsgjevarar i samband med lokalhistoriske bokprosjekt.

b) Seminarverksemd

1) Bygdebøker på nett

Seminaret Bygdebøker på nett ble arrangert ved Riksarkivet den 23. mai og hadde ca. 80 deltakere. To hovedidéer lå til grunn for seminaret. På den ene siden ønsket vi å rette søkelyset mot de ulike utfordringer av faglig, personvernmessig og rettighetsmessig karakter som ligger i moderne, digital teknologi. På den andre siden ville vi se nærmere på fenomenet "bygdebok på nett" slik det framstår i praksis og belyst ved enkelte konkrete eksempler på digitale bygdebøker. Følgende foredrag ble presentert på seminaret.

Kåre Andersen (Universitetet i Oslo):

Formidling av lokalhistorie på nett. Kan ny teknologi skape nye sjangre?

Rune-Vidar Bråthen (Datatilsynet):

Bygdebøker på nett – hvordan ta vare på personvernet?

Charlotte Børde (Nasjonalbiblioteket):

Opphavsrett og nettpublisering.

Gunnar Urtegaard (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane):

*Kulturhistorisk leksikon og Gardar og stølar –
Internettressurser frå Kulturnett Sogn og fjordane.*

Grethe Hjetland (Vik IT-partnar):

Bygdebasen, eit rammeverk for gards- og ættesoger på Internett.

Ole Martin Sørungård (Snøhetta forlag):

Busetnadssoge for Sula og bruk av dataprogrammet BSS.

Norun Klettum (Mormonerkirken):

Norway Project – Digitalisering av bygdebøker i regi av Mormonerkirken

I tillegg leder Arnfinn Kjelland (Høgskolen i Volda) avslutningsdiskusjonen i etterkant av foredragene

2) Lokalhistorie og sosial teknologi

I samarbeid med en rekke aktører innenfor Wikipedia-miljøet i Norge arrangerte NLI seminaret Lokalhistorie og sosial teknologi. Seminaret var organisert som en workshop og ble holdt i Thon Hotell Oslofjord i Sandvika, Bærum, fra 14. til 15. juni. Det var ca. 50 deltakere. Formålet med seminaret var å rette søkelyset mot de mulighetene sosial teknologi gir for å videreutvikle lokalhistorien som et samarbeid mellom fagfolk og lokal spisskompetanse. Seminaret rettet særlig søkelyset mot bruk av såkalt wikiteknologi. Ulike prosjekter ble presentert, og særlig la vi vekt på å presentere en foreløpig demo for NLIs prosjekt ”Nasjonalt lokalhistorisk oppslagsverk på nett”. Følgende foredrag ble holdt på seminaret.

Første dag, 14. juni:

Heidi Arnesen Austlid, IKT-Norge:

Sosial teknologi – kan MeWe skape lokalhistorie?

Gunnar Liestøl, Institutt for medier og kommunikasjon, UiO:

Lokasjon, mobilitet og digitale medier i kulturformidlingen

Anette Friis Pedersen, Histos.no:

Bergenskartet og WikiFredrikstad – en sammenligning av to prosjekter

Carolyn Fjeld, Sølvberget, Stavanger kulturhus:

WikiStavanger – et samarbeid mellom bibliotek og mediebedrifter i Stavanger

Lars Harald Alstadsæter:

Kodal bygedleksikon – wikiteknologi med redaksjon

Andre dag, 15. juni:

Kristin Bolgård, ABM-utvikling:

Nasjonale digitale kunnskapsallmenninger

Chris Nyborg, Olve Utne og John Erling Blad, Wikipedia:

Er tiden inne for en lokalhistorisk Wikipedia?

Ola Alsvik, Norsk lokalhistorisk institutt:

Nasjonalt lokalhistorisk oppslagsverk på nett – et dugnadsprosjekt for Lokalhistorisk nettverk?

I tillegg ble det begge dager gjennomført workshop i form av gruppearbeid

3) Arkiv i bevegelse

NLI og Landslaget for lokal- og privatarkiv samarbeidet om planleggingen og gjennomføringen av seminaret Arkiv i bevegelse. Seminaret ble avviklet den 26. til 27. november ved Thon Hotel Vika Atrium i Oslo. Det var ca. 70 deltakere. Formålet

med seminaret var å stimulere til økt bruk av kommunearkiver i lokalhistoriske arbeider. Gjennom foredragene ble søkelyset særlig rettet mot fire aspekter ved denne problematikken: for det første innholdet i arkivene, for det andre reglene for bruk av denne typen materiale, for det tredje spørsmålet om formidling av kommunearkivene og sist men ikke minst – den faktiske og mulige bruken av kommunale kilder i lokalhistorie. Følgende foredrag ble holdt på seminaret:

Første dag, 26. november

Arnt Ola Fidjestøl, IKA Møre og Romsdal:

Hva inneholder et kommunearkiv?

Frøydis Antonsen, IKA Troms:

Jakten på Ola Nordmann - et livsløp belyst gjennom et kommunearkiv

Kari Remseth, IKA Trøndelag:

Hvilke lover og regler styrer adgangen til kommunearkivene?

Egil Christophersen, bygdebokforfatter, Nøtterøy:

Hvor langt skal man strekke høfligheten?

Andre dag:

Egil Nysæter, Hordaland fylkesarkiv:

Lokalhistorikernes bruk av kommunearkivene

Steinar Aas, Universitetet i Tromsø:

Hvorfor har lokalhistorikerne i liten grad interessert seg for kommunearkivene?

Björg Evjen, Universitetet i Tromsø:

Minoriteter i nasjonens hukommelse

Ellen Røsjø, Oslo byarkiv:

Innsamling av minoritetsarkiv

Kaisa Maliniemi Lindbach, Prosjekter LLP:

Minoriteter i offentlige arkiv - LLPs Kvenprosjekt

Kjetil Reithaug, IKA Vest-Agder:

Arkiv i bibliotek. Kontakt med historielag

Per Andersen, nevrofysiolog:

Hjerne, hukommelse og arkiv

Ketil Jensen, Arkiv i Nordland:

Auditiv formidling - minnemateriale på nett

Rune Lothe, IKA Hordaland:

Formidling av kommunearkiv på nett

c) Publikasjonsverksemda til NLI

Lokalhistorisk magasin

Marianne Wiig og Ola Alsvik har vært medlemmer av redaksjonen til *Lokalhistorisk magasin*, som NLI utgir i samarbeid med landslaget for lokalhistorie. Kristian Hunskaar har arbeidet som layout-assistent. Redaksjonen har ellers hatt et godt samarbeid med Lobo Media, som har vært en viktig positiv faktor i arbeidet. Utviklingen av tidsskriftets layout og innhold har fortsatt i 2007. Redaksjonen har vært enig om å videreføre den redaksjonelle hovedlinjen med vekt på temanumre. Årgangen hadde følgende fire tema: "Museumsreformen og historielagene" (nr. 1), "Bilder" (nr. 2), "Mangfold i lokalhistorien" (nr. 3), "Mat og matkultur" (nr. 4). NLIs medlemmer av redaksjonen ser det som et ekstra pluss at flere av styrets medlemmer har bidratt med artikler til årgangen.

Innsamlings- og avskrivingsfasen av arbeidet med *Fattiglovgivinga i Noreg 1741–1900* er avslutta av Ragnhild Hutchison. Det som står att før publisering, er kontroll av avskriftene og utarbeiding av register. Prosjektet *Norske skolelover 1600-1905* er ikkje ført vidare i 2006. Det som står att, er innskriving av ein del lovstoff, korrekturlesing og utarbeiding av register.

Digital publisering

I 2006 har NLI vore i kontakt med ulike aktørar med tanke på å få publisert dei mest omfattande kjeldeutgåvene og kjeldekatalogane våre på nett. Instituttet ser at brukarane vil ha stor nytte særleg av verka *Skattematrikkelen 1647*, *Norske kongebrev* og *Gamle norske kart*. (Sjå også side 8, *lokalhistorie.no*)

d) Eiga fagleg publisering

Ola Alsvik har publisert følgende i 2007:

- ”Knut Helle, Finn-Einar Eliassen, Jan Eivind Myhre og Ola Svein Stugu: Norsk byhistorie. Urbanisering gjennom 1300 år”, (bokmelding) i *Historisk tidsskrift*, nr. 1/07: s. 132-138.
- ”Norsk kulturhistorisk fotografi. Kontraster, linjer og ekstremer”, i *Lokalhistorisk magasin*, nr. 2/07: s. 14-17.
- ”Historielagenes utfordringer”, i *Idéer om hembygden. Utmaningar för en hembygdsrörelse med lokalsamhället i fokus i en globaliserad värld*, Linköpings universitet 2007: s. 55-67.
- ”Lokalhistorikeren og kommunearkivene”, i *Arkheion*, nr. 2/07: s. 19.
- ”Lokalhistorisk kulturelt mangfold”, i *Lokalhistorisk magasin*, nr. 3/07: s. 4-7.

Hans Hosar har publisert:

”Minnestoff, bygdeslarv, personvern” i *Lokalhistorisk magasin* 2/2006.

Knut Sprauten har i samarbeid med andre tilsette redigert og skrive manuskriptet til jubileumsboka *Råd, ressurs og rettleiing. NLI gjennom 50 år* (147 sider). Professor Ola Svein Stugu har skrive ein frittstående artikkel i denne boka: ”NLI og det lokalhistoriske kunnskapsfeltet”, s. 81– 100. Jubileumsboka vart utforma i samsvar med den nye formgivinga for publikasjonane til NLI.

Marianne Wiig:

Foredraget hennar, *lokalhistorie.no* og *lokalhistorisk nettverk*, er publisert på nettsidene til Høgskolen i Oslo (sjå s. 10).

e) Forsking og utgreiing

Arbeidet med å registrere ”noregsbrev” (for det meste brev frå Noreg til Amerika) er ikkje ført vidare i 2006, og forskingsprosjekta til dei tilsette måtte nedprioriterast på grunn av meir presserande oppgåver. Dette gjeld Ola Alsviks forskingsprosjekt ”Grunnlagsproblemer i norsk lokalhistorie”, Hans Hosars avhandling ”Bygdemodernitet og historikarmodernitet. Empirisk og metafagleg analyse av historiske prosessar i Skjåk 1880– 1945” og Knut Sprauten forskingsprosjekt ”Hans Horneman og næringslivet i det trondhjemske 1720– 1760”.

Hans Hosar har hatt permisjon frå NLI i to månader for å arbeide med bygdebok for Skjåk. Bygdebokarbeidet styrkjar kompetansen hans innanfor eit fagfelt som står sentralt i rådgivingstenesta til NLI.

Som nevnt i Årsmelding 2006 har NLI påtatt seg å skrive tekst til to publikasjonar som skal utgis i forbindelse med Lørenskog kommunes hundreårsjubileum i 2008: et lokalt leksikon og en politisk-administrativ historie for kommunen. Begge oppdrag skal ferdigstilles før sommeren 2008. Ola Alsvik har vært prosjektleder. Kristian Hunskaar har fungert som vitenskapelig assistent.

Samarbeid med andre institusjonar

Tilsette ved instituttet har også deltatt i felles prosjekt med andre institusjonar. Som nemnt (s. 4) har NLI i samarbeid med ABM-utvikling og Høgskolen i Oslo (Avdeling for journalistikk, bibliotek- og informasjonsfag) arrangert seminaret *Gyldig – men likegyldig? Lokalhistorisk kunnskap – en ressurs i morgendagens lokalsamfunn*.

f) Andre tiltak for å fremje lokalhistorie i Noreg

1) Lokalhistorisk nettverk

Lokalhistorisk nettverk er et prosjekt som NLI har utviklet i samarbeid med ABM-utvikling. Hovedintensjonen med prosjektet er å skape et tverrsektorielt fysisk og virtuelt nettverk for institusjoner og organisasjoner som arbeider med forskning, dokumentasjon og formidling av lokalhistorie. Etter søknad omtalt i forrige årsmelding fikk NLI tildelt kr. 150 000 til etablering av nettverket. Summen inkluderte oppstart av et nettsted, samt arrangement av en workshop og et seminar rettet mot medlemmene av nettverket (for nærmere omtale: se annet sted i årsmeldingen). Som en viktig del av prosjektet har instituttet publisert månedlige nyhetsbrev til nettverkets ca. 290 medlemmer (desember 2007). Marianne Wiig har hatt hovedansvar for nyhetsbrevene. Ola Alsvik har bistått.

2) Lokalhistorisk oppslagsverk på nett

Som en del av arbeidet med å utvikle Lokalhistorisk nettverk lanserte NLI våren 2007 tanken om å skape et lokalhistorisk oppslagsverk på nett. Vi ønsket i denne forbindelse at artiklene i Norsk historisk leksikon kunne bli en kjerne i et nettbasert oppslagsverk. Instituttet tok følgelig initiativ overfor verkets hovedbidragsyttere (Steinar Imsen og Harald Winge, ved Kristin Røgeberg) og utgiver (Cappelen forlag) til en avklaring om de rettighetsmessige forhold knyttet til dette. Spørsmålene er imidlertid ved årets utgang ennå ikke avklart. Uavhengig av dette framstøtet fra vår side kom det våren 2007 også et initiativ fra enkelte aktører innen Wikipedia-miljøet i Norge med forespørsel om å etablere en lokalhistorisk avlegger av den norske Wikipedia. Instituttet svarte positivt på denne henvendelsen og startet et nærmere samarbeid med gruppen med det formål å realisere et todelt oppslagsverk, som dels skal være en geografisk individualiserende ”stedswiki” eller folkewiki; dels en mer generaliserende og tematisk orientert ”fagwiki” eller ”temawiki”. Det er tanken å inkludere Norsk historisk leksikon i den sistnevnte. For å realisere dette prosjektet engasjerte instituttet Chris Nyborg, Olve Utne og John Erling Blad til å utarbeide en demoversjon av et slikt oppslagsverk. En første versjon av demoen ble presentert på vår workshop i Sandvika den 14.-15. juni (se ovenfor). En mer gjennomarbeidet versjon ble presentert på et møte på Riksarkivet den 14. november, der også NLIs

IKT-utvalg deltok foruten representanter for prosjektene WikiFredrikstad og Skedsmos historie – som arbeider med lignende planer. Sammen med Knut Sprauten og Marianne Wiig, har Ola Alsvik hatt ansvar for planleggingen og koordineringen av prosjektet, som skal videreføres i 2008.

3) Prosjektet Utenfra – innenfor?

Prosjektet *Utenfra – innenfor?* er et samarbeidsprosjekt mellom Landslaget for lokalhistorie, Norsk folkeminnelag og NLI. Prosjektet er instituttets viktigste satsing i forbindelse med Mangfoldsåret 2008, og instituttet har i løpet av 2007 hatt et vesentlig ansvar for planleggingen av prosjektet, som blant annet har inkludert en relativt omfattende søknadsprosess i forhold til Norsk Kulturråd og Fritt Ord. Hovedmålet er å styrke dokumentasjonen om og formidlingen av minoritetskulturer på lokalplanet i Norge. Samarbeidspartene vil søke å realisere dette gjennom innsamling, dokumentasjon og formidling av minnemateriale knyttet til det vi kan betegne som ”nyinnvandringen” til norske lokalsamfunn. Med nyinnvandring mener vi innvandring som grovt sett faller innenfor de siste to generasjoner, det vil si perioden etter annen verdenskrig (ca. 1945 til i dag). Ola Alsvik har sammen med Knut Sprauten og Marianne Wiig hatt ansvaret for oppfølging av prosjektet, som i desember fikk en bevilgning på kr. 600 000,- fra Norsk Kulturråd og kr. 150 000,- fra Fritt Ord.

4) Arkiv i bibliotek

Etter initiativ fra ABM-utvikling har NLI også dette året vært med som lokalhistorisk referanse for prosjektet Lokalarkiv i bibliotek. Marianne Wiig og Ola Alsvik har deltatt på møter.

NLIs mastergradsstipend

I 2004 skipa NLI ei fast stipendordning for mastergradsstudentar (hovedfagsstudentar) som skriv om lokalhistorisk relevante emne innanfor historie eller tilgrensande fag. Stipendet er på 15.000 kroner, og vert utdelt ein gong i året. Føremålet med stipendet er å stimulere til auka interesse for lokalhistorie som fagfelt og til meir lokalhistorisk forskning.

Styret har oppnemnt ein stipendkomité som er samansett av professor Jan Eivind Myhre, direktør Knut Sprauten og forskar Hans Hosar. Dei vurderte søknadene til dei sju søkjarane som hadde meldt seg innan fristen. Stipendet for 2006 vart tildelt Håkon Stokland for arbeidet med ei mastergradsoppgåve i historie ved NTNU. Oppgåva hans har fått tittelen *Ny bruk av gamle minner?* og handlar om å prøve ut nye metodar for å kunne nytte ut minneinnsamlingane betre.

2. FORMIDLING AV LOKALHISTORISK INFORMASJON

NLI skal drive god fagleg formidling og vere eit nasjonalt dokumentasjonsentrum. Instituttet skal lage oversikter over aktørar innan lokalhistorisk arbeid, over ein del kategoriar lokalhistorisk litteratur og spreie informasjon om norsk lokalhistorie.

a) Nettstaden *lokalhistorie.no* og Lokalhistorisk nettverk

lokalhistorie.no vender seg til både produsentar og konsumentar av lokalhistorie, amatørar som profesjonelle. Nettstaden presenterer ulike sider ved lokalhistoria gjennom materiale som har å gjere med forskning og formidling, rådgjeving og dokumentasjon av lokalhistorie.

Da *lokalhistorie.no* var under planleggjing, var tanken at nettstaden skulle fungere som eit slags nettverk eller samarbeid mellom ulike institusjonar og organisasjonar. Slik vart det ikkje den gongen, men i desember 2006, i samband med seminaret *Gyldig – men likegyldig?* (sjå s. 4), vart startskottet gitt til *Lokalhistorisk nettverk* (sjå s. 6). Medan *lokalhistorie.no* til no har vore mindre interaktivt enn vi hadde vona, opnar nettverket for kommunikasjon og informasjonsutveksling på tvers av sektorar og geografiske nivå. Nettverket skal vere ope for ABM-institusjonar, forskings- og undervisningsinstitusjonar, frivillige organisasjonar og andre aktørar som arbeider med dokumentasjon, forskning og formidling i samband med lokalhistorie. Det er oppretta ei e-postliste for deltakarane i nettverket, slik at dei kan utveksle informasjon og synspunkt. Tidleg i 2007 vil vi også lage eit nettbasert diskusjonsforum.

NLI har førebels oppretta eit ”hjørne” for nettverket på *lokalhistorie.no*. På lengre sikt kan det dessutan verte aktuelt å integrere materiale som er skapt gjennom nettverket i nettstaden, for å fylle ut biletet av lokalhistoria.

Forskning og formidling

lokalhistorie.no har fagartiklar om ulike sider av lokalhistoria. I 2006 starta NLI arbeidet med å leggje ut på nett seminarrapportar som instituttet tidlegare har utgitt i trykt form, men som no er utselt. Artiklar frå desse rapportane vil vere nyttige supplement til ulike emne som er presenterte på nettsidene. NLI var i 2006 i kontakt med historikaren dr. Jorge Alberto Luengo Sánchez, som ønskjer å presentere lokalhistorie i Italia, Spania og Portugal under *Local History World Wide*.

Rådgjeving

Delar av rådgjevinga til NLI er lagt ut på *lokalhistorie.no*, m.a. gjennom oversikter over ”ofte stilte spørsmål” både frå forfattarar og oppdragsgjevarar i samband med lokalhistoriske bokprosjekt. Både bokprosjekt og andre lokalhistoriske prosjekt kan ha sider som deltakarar i *Lokalhistorisk nettverk* har meir kompetanse på enn NLI. Det kan vere opphavsrett, personvern, utgjeving på prent, digitalisering av tekst og bilete osv. Ein kan tenkje seg at ein i nettverket byter på å skrive rettleiingar for å gi råd om ulike tema – etter kompetanse, og til beste for alle. Slik kan den samla kompetansen på lokalhistorie i kultursektoren nyttast meir effektivt, noko både produsentar og konsumentar av lokalhistorie vil tene på.

Dokumentasjon

lokalhistorie.no har både databasar og andre typar oversikter med referansar til og omtalar av utvalte kjelder, litteratur, nettstader, institusjonar og andre ressursar som NLI meiner er relevante for lokalhistorisk arbeid. Nokre av desse basane er avslutta, mens andre krev løpande eller årleg oppdatering. Databasen *Bygdebøker under arbeid* har også i 2006 vorte ajourført med jamne mellomrom. Basen byggjer i hovudsak på klipp frå *Observer* og *Magentanews*. Oversiktene *En del kilder til lokalhistorie*, *En del hjelpelitteratur til lokalhistorie* og *Hvor er kildene?* er oppdaterte i 2006. Sida *Nye lokalhistoriske utgivelser* har vorte utvida i 2006. Her vert både eksterne og NLI sine nye utgjevingar nemnde. Kvar månad vert det også lagt ut ei liste over *Ny tilvekst i NLI*

bibliotek. Lokalhistoriske nyhende av ulike slag vert dessutan introduserte på *Lokalhistoriens gule side* og på *Oppslagstavla*.

Datamodell-prosjektet

Arbeidet med å samordne databasane på *lokalhistorie.no* i ein felles base er ført vidare i 2006 og vil snart vere fullført. Lars Nygaards topografisk-kronologiske database, som NLI har supplert med historiske distriktsnemningar, er ferdigstilt for NLI sin bruk. Det er også laga ein database for NLI sitt register over emneord i 2006. Den nye fellesbasen vil opne for kobling av informasjon på ein heilt annan måte enn i dag, for eksempel mellom prenta og nettbaserte versjonar, mellom utgitte og planlagte publikasjonar osv. I tillegg vil ein gjennom *Lokalhistorisk nettverk* kunne samarbeide om å halde ulike basar og oversikter oppdaterte og relevante både nasjonalt og lokalt.

Arbeidet med nettstaden

Marianne Wiig er redaktør for *lokalhistorie.no* og har i nært samarbeid med dei andre tilsette leia arbeidet med å halde nettstaden ved like og utvikle han vidare. Kristian Hunskaar har i 2006 hatt ansvaret for ulike oppdateringar av informasjon, lenker, databasar og oversikter, både generelt og i samband med datamodell-prosjektet. Hans Hosar har hatt eit særleg ansvar for stadnamn i samband med same prosjekt. Siri Iversen har arbeidd med oppdatering av databasar og bibliotekrelatert informasjon. Lars Nygaard, Kåre Andersen og Frank Fardal har arbeidd med programmering i høve til datamodellen.

b) NLI's ikt-utval

I utvalet sit:

- Kåre Andersen, amanuensis, Institutt for arkeologi, konservering og historiske studiar.
- Arnfinn Kjelland, førsteamanuensis, Historisk institutt, Høgskolen i Volda.
- Lars Nygaard, fungerande leiar for utvalet, Avdeling for elektroniske arkiv, Riksarkivet.

Ikt-utvalet har også i 2006 vore med på å vidareutvikle *lokalhistorie.no* (sjå s.1).

Utvalet har dessutan gitt råd om NLI si eiga verksemd og i høve til førespurnader til instituttet som krev datateknisk kompetanse.

c) Kontakt med lokalhistoriske aktørar og publikum

For å skape kontakt med lokalhistoriske aktørar og publikum har NLI arrangert seminar og kollokvium som medverkar til vitskapleg skolering, både av eigne tilsette og andre (jf. s. 3f). NLI har òg opna lokala sine for å informere om verksemda si til grupper som har ønskt det (mastergradsstudentar, medlemmer av historielag, slekthistorikarar, årboksredaksjonar osv).

NLI's nye lokale i "Halvbroren" har fire lesesalsplassar, men det er registrert berre 79 gjester i 2006 mot 110–152 i åra mellom 2001 og 2005. Nye gjester er blitt orienterte om biblioteket og verksemda til NLI, og har fått svar på førespurnadene sine. Det har diverre tatt altfor lang tid før studieborða kom på plass, og lystilhøva her er enno ikkje fullnøydande.

Instituttet si e-postliste for bygdebokforfattarar har meir enn 50 medlemmer. Dei kan utveksle røynsler, diskutere emne av sams interesse, stille spørsmål og gi svar.

De tilsette har på førespurnad også halde foredrag på arrangement som ikkje har vore i NLI's regi.

d) Anna kurs- og formidlingsverksemd

Ola Alsvik har holdt følgende faglige foredrag i 2007:

- Bygdeboka for Eiker – mellom lesebok og oppslagsverk. Foredrag i Eiker historielag 18.01.
- Lørenskog. Paradoxenes kommune. Foredrag Årsmøte DIS-Norge. 27.04.
- Nasjonalt lokalthistorisk oppslagsverk på nett – et dugnadsprosjekt for lokalthistorisk nettverk? Foredrag på NLI-seminaret Lokalhistorie og sosial teknologi 14.06.
- Lokalhistorikeren og kommunearkivene. Foredrag IKA-konferanse i Kongsberg 12.09.

Hans Hosar:

- Foredrag ved Arkivarforeningens haustseminar 2.november: ”Arkiv etter lokalthistoriske undersøkingar”.

Siri Iversen:

- Ho har på vegner av NLI vore med på Slektsforskardagen 29. oktober (arr. DIS Noreg). Her orienterte ho om verksemda til NLI og om instituttet sine publikasjonar.

Knut Sprauten:

- ”Kulturminner og lokalhistorie - ressurs for lokalsamfunnet og for rikshistorikerne”. Foredrag på seminar i regi av Øvre Eiker kulturminneråd 22. mai.

Marianne Wiig:

- ”lokalhistorie.no og lokalthistorisk nettverk”. Foredrag på seminaret *Gyldig – men likegyldig? Lokalthistorisk kunnskap – en ressurs i morgendagens lokalsamfunn* på Høgskolen i Oslo 8. desember.

Bibliografisk arbeid og dokumentasjon av lokalthistorisk virksomhet

- Historisk kompetanse trengst i alt kulturarbeid. Eit viktig tilskott til å halde kompetansen sin à jour er å vere orientert om kva som skjer innan fagfeltet sitt. Gode bibliografiar er gagnlege arbeidsreiskap i denne samanhengen. NLI held difor fram med å lage årlege bibliografiar. Kirsten Braaten har utarbeidd NLI's bibliografi ”Ny lokalthistorisk litteratur 2005” (trykt *Heimen* 2/2006, s. 131–154).

Oversynet viser følgjande fordeling på sjangrar:

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
gards- og slektshistorie	30	19	33	28	25	29	24
allmenn by- og bygdehist.	18	21	15	18	17	23	28
distriktshistorie	3	3	1	0	1	3	2
lokal- og regionalhistoriske årbøker	303	315	325	338	345	359	346
kjeldeutgåver	36	23	10	7	0	0	0

Det bibliografiske arbeidet for 2006 er begynt. Siri Iversen har tatt over dette arbeidet etter Kirsten Braaten.

3. VIDAREUTVIKLING AV NLI

I NLI's målprogram heiter det at instituttet skal videreutviklast *som ein landsdekkjande, fagleg framstående instans, med optimal utnytting av tilgjengelege økonomiske og personalmessige ressursar og eit triveleg arbeidsmiljø.*

Instituttet har gjennom rådgivingstenesta si nådd ut til folk over hele Noreg, både ved å lese manuskript, arrangere seminar og svare på spørsmål. Gjennom utbygginga av NLI sin nettstad i 2006 kan instituttet lettare nå ut til det interesserte publikum.

Men for at instituttet skal vere en fagleg bastion for lokalhistorikarar, er det viktig at dei tilsette er i eit fagmiljø som har "spisskompetanse", er i forskarfronten og som deltar aktivt i fagleg debatt.

NLI's tilsette blir brukt som lærarar og som sensorar på universitets- og høgskolenivå, og det seier noko om deira faglege nivå. Dei har også verv i ulike faglege fora, deltar på konferansar og kurs for å utvikle seg fagleg, og dei har nær kontakt med andre forskarar og forskingsmiljø.

a) Verv i faglege fora

Ola Alsvik er medlem av redaksjonsrådet til tidsskriftet *Heimen* og varamedlem av Kjeldeskriftkommisjonen.

Hans P. Hosar er medlem i Kjeldeskriftkommisjonen v/Riksarkivet og "Lærestadsrepresentant" for redaksjonen i Historisk tidsskrift.

Knut Sprauten er oppnemnd som statens representant i styret for Strangers kulturfond og som historisk konsulent for Postens frimerketeneste. Han er styremedlem i Landslaget for lokalhistorie (LLH) og i Norsk historikerforening (HIFO). Sprauten er også medlem av Rådet for RHD i Tromsø (Registreringssentral for Historiske Data ved Universitetet i Tromsø).

b) Deltaking på faglege konferansar, og kurs som ikkje er arrangerte av NLI

Knut Sprauten:

- Idédugnad for Norsk Sjøfartsmuseum 26. januar og dialogkonferanse 25. september.
- Dagsseminar om *Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv – kva impulsar og mentale haldningar styrer*

namngjevinga, Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo 26. oktober.

- Deltaking i 25 års-jubileet for Groruddalen historielag 31. oktober .

Knut Sprauten og Ragnhild Hutchison:

- Norsk historikarmøte i Kristiansand 5. – 7. mai.

Ola Alsvik: .

- **Utsteinseminaret 2007. 09.-10.02**
- **Kurs i skriving for nettet. Nettetredaktørene 16.02.**
- **Mangfoldsårets muligheter. Seminar arrangert av institusjonen Horisont. 22.03.**
- **Lokalarkiv i bibliotek. Workshop arrangert av ABM-utvikling. 03.05.**
- **Til Kildene! Seminar arrangert av ABM-utvikling 24.10.**

Marianne Wiig

- *Ansikt til ansikt. Seminar om digitale artikkeltjenester*, 15. februar. Arr. ABM-utvikling.
- *Kultur på nett 2006 – Strategi for digitale tjenester*, 18– 19. september. Arr. Kulturnett.no og Kulturnett Trøndelag.
- *Med brukeren i fokus. Seminar om digitalisering og tilgjengeliggjøring for kultur og læring*, 25. september. Arr. ABM-utvikling.

c) Drift av instituttet

Bibliotek og rettleiingsmateriell

NLI har eit funksjonelt instituttbibliotek og distribuerer rettleiingsmateriell. Tilveksten til biblioteket i 2006 var 496 band (i 2005: 455 band, 544 i 2004, 562 i 2003 og 531 i 2002). Det meste er lokalhistorisk litteratur som instituttet har fått som gåver, men noko er også kjøpt inn. Kirsten Braaten har vore i kontakt med utgjevarar og skaffa ein del av dei publikasjonane som instituttet ikkje hadde. Totalt inneheld instituttbiblioteket no 18.243 band.

Siri Iversen har i 2006 katalogisert og merka nye bøker, tidsskrift og årbøker. Ho har òg laga lister over dei i biblioteket. Dei er vortne oppdaterte kvar veke på nettsida www.lokalhistorie.no.

Den største saka for NLI-biblioteket i 2006 var at katalogen vart lagd inn i databasen til Nasjonalbiblioteket, Sambok (Norsk samkatalog for bøker). Samlinga til NLI-biblioteket er dermed vorten søkbar på nettet, men berre gjennom www.nb.no. Heile tidsskriftsamlinga er gjennomgått i 2006, og alle manglande årgangar og nummer er noterte. Desse opplysningane skal inn i NLI's avdeling i Nasjonalbiblioteket sin database Samper (Norsk samkatalog for periodika) i løpet av 2007. Dei vart også sende til Landslaget for lokalhistorie, som vil supplere biblioteket til NLI frå boksamlinga si.

Administrasjon

Siden 1. september 2004 har NLI hatt Senter for statleg økonomistyring (SSØ) Tromsø, avdeling Vadsø som rekneskapsentral med fullservicemodell. NLI's kontaktperson er Kirsten Braaten, som også set i verk registrering og rapportering. Riksarkivet autoriserer NLI's utbetalningar.

Økonomi-instruks for NLI vart vedtatt av Kulturdepartementet 12.01.2000. Med tilvising til punkt 2.2. i denne vart det utforma ein intern instruks ”med regler om delegering av myndighet og presisering av hvordan de enkelte funksjoner i økonomiforvaltningen skal utføres, og om ansvarsforhold.” Denne økonomiinstruksen vart vedtatt av styret i 10. februar 2003, men etter pålegg fra Departementet vart han omarbeidd og revidert av styret 20. juni 2005.

SAMLA VURDERING 2006

Aktiviteten ved instituttet i 2006 har vore sterkt prega av 50-årsjubileet til NLI. Dette jubileet har bunde opp ressursar til ulike arrangement og til skrivning av jubileumsbok. NLI inviterte til jubileumsseminar i Oslo 8. – 9. september med toppkvalifiserte foredragshaldarar frå inn- og utland. Det har aldri før vore så stor interesse for eit NLI-arrangement. Instituttet måtte tidleg gi signal om at arrangørstaden ikkje kunne ta imot fleire deltakarar.

Slik vi ser det, var også festmiddagen med kring 90 inviterte gjester ein suksess. Tidlegare tilsette og styremedlemmer vart inviterte saman med NLI's ulike samarbeidspartnarar og representantar for nærskyldde institusjonar i Norden. Instituttet hadde tatt initiativ til at Kongens fortienstmedalje i gull kunne bli utdelt til dei to historikarane professor Sølvi Sogner og professor Halvard Bjørkvik. Begge har gjort sær dugande innsats for lokalhistorisk arbeid og forskning i Noreg. Fortenestemedaljane vart utdelt av Fylkesmannen i Oslo og Akershus under ein seremoni som var knytta til jubileumsmiddagen.

Trass i at jubileumsåret har kravd mykje planlegging og ekstra ressursbruk, har instituttet greid å halde oppe storparten av den øvrige aktiviteten i høve til 2005. Det kjem mellom anna av at dei tilsette har stått på og ytt ein arbeidsinnsats som går langt utover vanleg arbeidstid. Den store ulempen er at det ikkje har vorte tid til eiga forskning.

Medan NLI tidlegare har arrangert mellom eitt og to seminar i året, arrangerte instituttet i 2005 fire seminar. Tre av dei vart gjennomførte saman med andre institusjonar. Denne tendensen – med høg frekvens og samarbeid – har halde seg i 2006. Det vart arrangert tre seminar – to av dei saman med andre institusjonar: eitt saman med Norsk Folkemuseum og eitt saman med ABM-utvikling og Høgskolen i Oslo. Desse seminarane har trekt godt med folk, 97, 115 og 147. Frammøtet er i gjennomsnitt 120 og meir enn dobla i høve til tidlegare år. Vi trur at samarbeidet med andre institusjonar har gitt auka interesse for seminarane våre. Samarbeidet med ABM-utvikling har også ført til at NLI har hatt innverknad på bibliotekmeldinga når det gjeld utviklinga av lokalhistoriske ressursar i biblioteka. ABM-utvikling har dessutan invitert NLI til å vere lokalhistorisk referanse til prosjektet *Arkiv i bibliotek*. Samarbeidet med ABM-utvikling og med Høgskolen i Oslo har både gitt føremoner når det gjeld den praktiske tilretteleggjinga av seminarane og fagleg tyngde til det arbeidet NLI gjer med å opprette eit tverrsektorielt lokalhistorisk nettverk.

NLI har òg halde fram på nye vegar når det gjeld finansiering av verksemda si ved å søkje om tilskott utanfrå. Nordisk Kulturfond har gitt ein stønad på nesten 90.000 kroner til jubileumsseminaret, Skedsmo kommune betalte ut 50.000 kroner i 2006 til eit forprosjekt til ei generell lokalhistorie for kommunen og Lørenskog kommune har løyvd 240.000 til NLI for å gjennomføre prosjektoppdrag. Slik har instituttet kunna halde opp meir aktivitet enn det elles ville vere rom for.

Interessa for NLI's stipendordning for mastergradsstudentar er bra, med fleire sær gode søknader. Rådgivingstenesta er omtrent på same nivå som før, og det bibliografiske arbeidet er ajourført. For NLI har det vore viktig at bibliotek katalogen i 2006 vart lagt inn i databasen til Nasjonalbiblioteket, Sambok, og er vorten søkbar på nettet, gjennom www.nb.no.

NLI's nettstad *lokalhistorie.no* er bygd ut, og vi arbeider med å finne betre tekniske løysingar og å kvalitetssikre innhaldet på nettsidene. Arbeidet med den engelskspråklege nettsida vår, *Local History World Wide* vert ført vidare og blir supplert med presentasjonar av arbeidet med lokalhistorie i Italia, Spania og Portugal.

50-årsjubileet førte til at arbeidet med å utforme ny logo for instituttet vart intensivert og slutført. På grunnlag av logoen vart det også laga ein ny bokbunad til NLI sine publikasjonar. Instituttet si historie vart skriven og presentert i jubileumsboka. Til saman har dette vore med på å skape sterkare refleksjon rundt instituttet sin identitet, men truleg også styrkt identitets- og samkjensla hjå dei tilsette.

Jubileumsåret og større innsikt i arbeidet ved NLI gjennom 50 år har medverka til ei aukande interesse for å lage ein ny strategiplan for instituttet. Dei tilsette meiner at det er ein veksande ubalanse mellom utfordringar og oppgåver på den eine sida og ressursar, bemanning og kompetanse på den andre. Denne situasjonen har ført til meirarbeid og ein viss slitasje på instituttets medarbeidarar, og at prioriteringar ikkje minst har gått utover den forskingsrelaterte verksemda til NLI.

For å kunne møte desse utfordringane på ein heilskapleg måte, tok instituttleiaren og dei øvrige tilsette i fellesskap initiativ til å gjennomføre en strategisk utviklingsprosess i dei siste månadene i 2006. Eit viktig ledd i prosessen var å halde ei rekkje interne møte som vart innleia med foredrag frå personar med tilknytning til institusjoner som stod overfor liknande utfordringar eller som representerte kompetanse på kunnskapsfelt som NLI ønskte å få relevante innspel frå.

I drøftingane etter desse møta var det semje om at instituttet i inneverande år legg fram for styret eit forslag til ein strategisk utviklingsplan for 2008 og etterfølgjande år. Denne planen skal mellom anna vise korleis stoda er for instituttet, med vekt på sentrale oppgåver, bemanning og kompetanse – med dei dilemmaa dette stiller oss overfor. Denne planen skal også summere opp sentrale utviklingstrekk og utfordringar for NLI.

Oslo 8. februar 2007

Torveig Dahl

styreleiar

Knut Sprauten
direktør